



SUNNFJORD KOMMUNE

Postboks 338

6802 FØRDE

Saksbehandlar, innvalstelefon

Gunn Tove Nyheim, 5764 3149

Tore Larsen, 5764 3126

Nicolas J. I. Rodriguez, 5557 2184

Samordna fråsegn med motsegn - høyring - detaljreguleringsplan - Sunnfjord 332/1 m fl - Jostedalsbreen Gondol - 464720220006

Vi viser til oversending dagsett 11.04.2025, og til avtale om utsett høyringsfrist til 18.06.2025.

Føremålet med planforslaget er å leggje til rette for etablering av gondolbane. Planområdet på 220 daa ligg i randområdet til Jostedalsbreen nasjonalpark og grensar til breen. Det strekkjer seg frå Lundebotn og riksveg 5, mellom Støylsnestunellen og Fjærlandstunellen, og går opp til Tverrfjellet.

Planforslaget viser botnstasjon på sørsida av riksveg 5 på det mellombelse massedeponiet mellom riksveg 5 og Lundaelva. Bana skal gå over riksvegen og vidare til toppstasjonen like under Tverrfjellet og grensa mot nasjonalparken, der det skal etablerast ei utsiktsrampe. Tverrfjellet ligg 1494 moh., medan toppstasjonen er føreslegen lokalisert med nivå for av-/påstiging på kote 1462,5.

Statleg samordning

Statsforvaltaren i Vestland (SFVL) samordnar fråsegner frå statlege styresmakter til kommunale arealplanar i Vestland fylke i saker der det er fremja motsegn, jf. brev av 22.12.2017 frå Kommunal- og distriktsdepartementet.

Vi har i denne saka, i tråd med rutine for statleg samordning, motteke fråsegn med motsegn frå Statens vegvesen (SVV) den 15.05.2025 og frå NVE den 02.06.2025.

SVV fremjar motsegn med bakgrunn i følgjande:

1. Vegvesenet finn at planframlegget medfører redusert trafiksikkerheit og framkome på rv. 5 på strekninga frå Lunde mot Fjærlandstunellen.

- Planframlegget medfører auka risiko på eit vegnett som i utgangspunktet allereie er utfordrande i høve vær, rasfare og krevjande vertikalkurvatur på vegnettet.

2. Planframlegget inneheld fråvik som ikkje er godkjent.

- Vi viser her til kap. 5.3.4 i handbok V744: «Dersom kommunen velger å gjennomføre planprosessen før fraviksbehandlingen for riksveger og for bru og tunnel på fylkesveg er avklart, skal det fremmes innsigelse til planforslaget.»



3. *Alternative tilkomstar til området er ikkje tilstrekkeleg vurdert.*

- I planforslaget er det ikkje utgreia moglegheitene for ein eventuell veg/turveg vidare frå Lunde turiststasjon til botnstasjon plassert slik at den er innanfor tenleg avstand mellom botn- og toppstasjon.

NVE fremjar motsegn med bakgrunn i følgjande:

- fordi det ikkje er lagt fram tilstrekkeleg dokumentasjon på om det er mogleg å sikre botnstasjon og mastepunktet slik at krava til tilstrekkeleg sikkerheit mot skred i TEK17 § 7-3 vert oppfylt.*
- fordi reell fare for flaumskred og flodbølge frå jøkullaup ikkje er godt nok vurdert på siste plannivå, jf. rundskriv H-5/18, pbl. § 28-1 og TEK17 § 7-3.*
- fordi planframlegget har mangelfull innarbeiding av sikkerheit mot flaum og erosjon gjennom bruken av arealføremål og planføresegn, og at det såleis ikkje er dokumentert korleis sikkerheitskrava mot flaum og erosjon gitt i TEK17 § 7-2 er oppfylt.*

Statsforvaltaren i Vestland

Etter å ha vurdert planframlegget i lys av eige medverknadsansvar på planområdet, finn Statsforvaltaren at planen kan stride mot statlege og viktige regionale føringar for arealforvaltninga innan fagfelt som høyrer inn under medverknadsansvaret vårt i den kommunale planlegginga.

Utvida dialog med kommunen

Statsforvaltaren har per telefon informert Sunnfjord kommune om motsegnene vi har motteke frå NVE og SVV, og at Statsforvaltaren òg vurderer at det er grunnlag for å fremje motsegn til planforslaget. I samsvar med rutine for statleg samordning av motsegner gav vi derfor kommunen tilbod om å drøfte motsegnene og dialogpunkta i eit møte. Kommunen takka ja til tilbodet, og møtet vart halde på teams 04.06.2025.

Referat frå dialogmøtet

Til stades frå Sunnfjord kommune

Terje Heggheim, kommunedirektør
Odd Harry Strømsli, einingsleiar areal og byggjesak
Vigdis Randine Rørstad Lobenz, rådgjevar

Til stades frå NVE

Margit Sandem Fjellengen, rådgjevar seksjon arealplan
Bente Ågren Høegh, koordinator seksjon arealplan

Til stades frå Statens vegvesen (SVV)

Torun Emma Torheim, seksjonsleiar transport
Oddvar Skrede, plankontakt Sunnfjord, transport

Til stades frå Vestland fylkeskommune (VLFK)

Rannveig Berge, rådgjevar NPI - plan, klima og analyse

Til stades frå Statsforvaltaren (SFVL)

Synnøve Stalheim, kommunaldirektør, møteleiar
Egil Hauge, seksjonsleiar plan
Gunn Tove Nyheim, seniorrådgjevar plan, referent

**Tema som vart drøfta i dialogmøtet**

Statsforvaltaren ønskte velkommen og orienterte om føremålet med statleg samordning av motsegner. Målet er å sikre rask handsaming av plansaker, styrke kvaliteten i planarbeidet og få til eit godt samarbeid med kommunane. Eit viktig mål med samordninga er òg, om mogeleg, å redusere talet på motsegner. Kommunen vart innleiingsvis gjeve høve til å sei litt om planforslaget. Dei opplyste at saka har stor interesse, og at dei har motteke langt over 300 innspel til høyringsforslaget.

Statens vegvesen gjekk deretter gjennom motsegna dei har fremja til planforslaget. Motsegna er knytt til trafikktryggleik, fråvik som ikkje er godkjent, og at alternativvurderingar av tilkomst manglar. Turveg frå utfartsparkering på areal ved botnstasjonen og planfri kryssing av riksvegen må inn som eit rekkefølgekrav i planføresegnene. Kommunen får tilsendt presentasjonen som vart brukt i møtet, vi viser til denne.

NVE gjekk gjennom motsegna dei har fremja til planforslaget. Motsegna er knytt til at det ikkje er dokumentert at sikringstiltaka som er føreslege vil gje tilstrekkeleg tryggleik mot skred i bratt terreng og fare for flaum og erosjon. I tillegg manglar det avklaring av reell fare for flaumskred og/eller flodbølge som sekundærverknad frå jøkullaup. Dei peika òg på at plankartet ikkje viser rett situasjon langs Lundaelva, mellom BAA1 og STB6. Kommunen får tilsendt presentasjonen som vart brukt i møtet, vi viser til denne.

Statsforvaltaren gjekk gjennom motsegngrunnlaget for planforslaget. Konsekvensutgreiinga (KU) underkommuniserer verdi, påverknad og konsekvens for fleire delområde i fagrapportane. Statsforvaltaren gjekk særleg inn på deltemaa naturmangfald og friluftsliv, men peika på at dette òg gjeld temaa landskap og kulturmiljø. Statsforvaltaren viste vidare til at fylkeskommunen har fremja motsegn til KU med grunnlag i det same for deltemaa landskap og kulturmiljø. Kommunen får tilsendt presentasjonen som vart brukt i møtet, vi viser til denne. Vi gjer merksam på at det er gjort justeringar på første side av presentasjonen, og at vurderingane knytt til villrein i presentasjonen, er justert i etterkant i sjølve fråsegna.

Avslutningsvis orienterte Vestland fylkeskommune kort om motsegna dei har fremja. Dei er i tillegg kritiske til ein del av talgrunnlaget knytt til vurderingane av samfunnsverknadane.

Kommunen stilte spørsmål ved kva feila i konsekvensutgreiinga har å seie.

Statsforvaltaren viste til at uriktig konsekvensutgreiing i seg sjølv gjev grunnlag for motsegn. Uriktige og villeleiarde opplysingar er alvorleg i lys av at plandokumenta samla skal utgjere eit tilstrekkeleg avgjerdsgrunnlag. Slike manglar må difor rettast opp for at saka kan reknast å vere tilstrekkeleg opplyst.

Oppsummering

Kommunen gav uttrykk for at dei ikkje ønskjer å utsetje medverknaden, og derfor vil ha tilsendt alle motsegner ved utløpet av høyringsfristen 18.06.2025. Kommunen vil deretter ta stilling til kva som skjer vidare.

Vurderinga til Statsforvaltaren

Statsforvaltaren gav fråsegn til oppstartsmeldinga i brev dagsett 30.06.2023 med tilleggsmerknad 23.09.2023 om villrein. Det vart halde eit møte mellom kommunen og SFVL i etterkant av dette. I tillegg har vi gjeve merknad i brev datert 25.10.2024 i samband med utviding av planområdet. Detaljregulering for Jostedalsbreen gondol vart presentert i planforum 29.04.2025 i samband med høyringsperioden.



Statsforvaltaren har på eit tidleg tidspunkt gjeve tilbakemelding til Sunnfjord kommune om at vi ikkje kan sjå vekk frå at planarbeidet vil vere i strid med nasjonale eller viktige regionale omsyn, jf. pbl. § 4-1 tredje ledd og konsekvensutgreiingsforskrifta § 15 andre ledd.

Planstatus

Planforslaget er i strid med overordna plan. Området er sett av til LNF-føremål i arealdelen til kommuneplanen (kpa). Det går fram av plan- og bygningslova § 5-4 fjerde ledd at motsegn kan fremjast dersom eit planframlegg er i strid med overordna plan. I planomtalen til kpa går det fram at: *«Det er vedteke planprogram for gondol frå Lundebotn og opp på Tverrfjellet med toppstasjon og utsiktspunkt. Tiltaket vil få si avklaring i samband med reguleringsplan som tiltakshavarane er i gang med å utarbeide»*. Avvik frå overordna plan og dei omsyn som arealføremåla skal ivareta krev særleg grunngjeving.

ROS-analyse

ROS-analysen er etter det vi kan sjå ufullstendig. Etter plan- og bygningslova § 3-1 bokstav h skal planar etter lova *«fremme samfunnssikkerhet ved å forebygge risiko for tap av liv, skade på helse, miljø og viktig infrastruktur, materielle verdier mv»*. ROS-analysen må særleg vurdere risikoen for skade på «Natur- og kulturområde» med utgangspunkt i det som føreligg av avgjerdsrelevant informasjon i konsekvensutgreiingane, dette manglar.

Konsekvensutgreiing (KU)

Konsekvensane av planforslaget er etter vårt syn undervurderte, og derfor underkommuniserte, for fleire av deltemaa. På dialogmøtet 04.06.2025 viste vi døme på dette for deltemaa naturmangfald og friluftsliv, og gjekk ikkje nærare inn på dei andre deltemaa.

Deltemaet naturmangfald

Vi peika på to delområde (VO1-Jostedalsbreen og NT2-naturtype snøleie) der utbygginga, ut frå kriteria i handbok M-1941 frå Miljødirektoratet, vil få svært stor negativ konsekvens, og at den samla konsekvensen for naturmangfald ut frå desse er *svært stor negativ*, ikkje *middels negativ*.

VO1 - Ein nasjonalpark har som vurdert i KU, *svært stor verdi*. Når eit inngrep er i strid med verneføremålet, slik det blir peika på i konsekvensutgreiinga, skal påverknadsgraden vere *sterkt forringa*, og ikkje *noko forringa*. *Svært stor verdi* og *sterkt forringa* gir *svært alvorleg konsekvens* (----).

NT2 - I punkt 6.2.2 i fagrapporten om naturmangfald står det: *«Området er av stor verdi, men i forhold til samlet belastning så er det et lite areal av den naturtypens totale utbredelse innenfor planområdet og omkringliggende områder som berøres»*. Det er berre eit areal på om lag 80 dekar der toppstasjonen er planlagt, som er kartlagt for naturtypar langs brekanten. Den langsame tilveksten i smeltesona rundt ein bre tilseier i seg sjølv at det ikkje er sannsynleg med store areal med snøleier i smeltesona rundt Jostedalsbreen generelt. Vi finn ikkje støtte i påstanden i eksisterande naturtypekartleggingar rundt Jostedalsbreen. Det einaste området som er kartlagt er eit areal framfor Vesledalsbreen, og her blei naturtypen snøleie så langt vi kan sjå ikkje funne i det heile.

Det er ukjent kor stor naturtypelokaliteten NT2 faktisk er, og i rapporten trur ein at han strekkjer seg frå 1400 og heilt ned til 900 meter over havet. Dette er basert på flyfoto, men det er svært vanskeleg å identifisere naturtypar i høgfjellet på den måten. Ut frå det som faktisk er kjent om utbreiinga av naturtypen snøleie i og rundt planområdet er det like sannsynleg at rett påverknadsgrad er *sterkt forringa*, som det som går fram av kap. 6.2.2 (*noko forringa/forringa*). Ser ein berre på det arealet som faktisk er kartlagt, er *sterkt forringa* rett påverknadsgrad. Rett konsekvensgrad for snøleievegetasjonen i planområdet blir i så fall *svært alvorleg konsekvens* (----) og ikkje *alvorleg konsekvens* (---).



Besøksstyring

Det er i delrapporten for naturmangfold lagt til grunn besøksstyring ved toppstasjonen: «*Det innebærer at tiltakene som planen legger til rette for er forutsatt avgrensa mot omgivelsene, t.d. gjennom bruk av gjerde/mur*» og ifølgje planomtalen føreset ferdsel til og frå toppstasjonen: «*at ein fysisk må bevege seg ut av anlegget*».

Det er i føresegnene krav om å ha med ein ekstra person (gaid), for dei 75 000 ein legg til grunn som vil ta gondolen årleg, dersom dei vil gå utanfor toppstasjonen, og vidare til uteopphaldsarealet eller lenger. Det er inga avgrensing i kor mange som kan bevege seg utanfor toppstasjonen. I teorien kan alle besøkande gå utanfor toppstasjonen, berre dei har med ein ekstra person (gaid).

Deltemaet friluftsliv

Likeins viste vi på dialogmøtet at det same galdt for deltemaet friluftsliv og delområde A-Lundeskaret.

Det er vanskeleg å sjå korleis delområde **A**-Lundeskaret kan kome dårlegare ut enn delområde **B**-Jostedalsbreen vest og **C**-Björga-Tortnegrægga når det gjeld verdien for friluftsliv. Alle er områda er registrerte som svært viktige friluftsområde i naturbasen, og skal etter vårt syn ha same verdi, *svært stor verdi*.

Vi er ikkje samde i vurderingane av påverknad. For område **B**-Jostedalsbreen vest er påverknaden vurdert til *forringa*, i hovudsak på grunn av visuell påverknad som kan redusere opplevingskvaliteten i området. I så fall er det naturleg å vurdere at Lundeskaret må klassifiserast som *sterkt forringa* når gondolbana er på plass med både botn- og toppstasjon, taubane og mast inne i delområdet.

Vi meiner Statsforvaltaren at føringane i M-1941 tilseier *Svært stor verdi* og påverknadsgrad *Sterkt forringa* for delområde A (Lundeskaret), noko som gjev *Svært stor negativ konsekvens* (----) for delområdet.

Deltemaet landskap

Vi meiner vurderingane knytt til påverknad og konsekvens er undervurdert for nokre av delområda, men vi konstaterer likevel at samla konsekvens for deltemaet landskap er sett til stor negativ konsekvens, som vi òg meiner er korrekt.

For delområde 2-Kjøsnesfjorden og delområde 3-Jostedalsbreen er vi kritiske til at påverknadsgraden berre er vurdert til *forringa*. I tillegg er konsekvensgraden for delområde 2 – Kjøsnesfjorden berre vurdert til *middels forringa*. Med dei godt synlege og omfattande tiltaka som er planlagde, både sjølve gondolen og botn- og toppstasjon, men òg omfattande sikringstiltak, er vi kritiske til vurderinga av påverknadsgraden og konsekvensgraden.

Utover dette meiner vi ein del av tiltaka med fordel kunne vore betre synleggjort gjennom illustrasjonar.

Deltemaet samfunnsnytte og ringverknadsanalysen

Statsforvaltaren har i fråsegn til oppstartsmeldinga, på eit tidleg tidspunkt i planprosessen, bedt om at samfunnsnytta til prosjektet må gjerast greie for, inkludert verknad for næringsutvikling og sysselsetting. Det er lagt ved ei vurdering av verknadar for samfunn og ei ringverknadsanalyse.

I ringverknadsanalysen blir det vist til at sysselsettings- og verdiskapingseffekten vil vere vesentlege i byggjefasen. Prosjektet vil ha større verknadar på forbruk i Sunnfjord og Sognal, lokal verdiskapingseffekt og vil leggje grunnlag for 90 sysselsette i regionen i driftsfasen. Vidare blir det vist



til at gondolen kan utløyse ytterlegare investeringar og gje store positive effektar utover dei talfesta verknadane.

I rapporten med ringverknadsanalysen blir det understreka at dette ikkje er meint å vere ei fullstendig samfunnsøkonomisk analyse, der alle typar verknadar i og utanfor marknaden blir tekne omsyn til. Analysen er utført med utgangspunkt i mellom anna investeringsplanar og estimat for talet på besøkande til gondolen. Det er knytt noko usikkerheit til ringverknadsanalysen, og vi meiner dette ikkje er synleggjort i tilstrekkeleg grad og lagt til grunn i drøftinga av prosjektet i plangrunnlaget. Vi er derfor kritiske til ein del av talgrunnlaget som er lagt til grunn for vurderingane ut frå drift av andre tilsvarande anlegg med samanliknbar plassering, og stiller derfor spørsmål ved om samfunnsnyttan og ringverknaden er så stor som ein viser til.

Vestlandet har alt fleire liknande prosjekt som er i drift i same reiselivs- og turismenisje. Val av eigna lokalisering og verknadar for klima- og miljøinteresser er derfor viktig i vurderinga av tyngre, tekniske tiltak.

Jostedalsbreen nasjonalpark har fleire lett tilgjengelege tilkomstpunkt, som er tilrettelagde utan behov for større, tyngre tekniske inngrep. Vi viser i denne samanhengen til besøksstrategien for Jostedalsbreen nasjonalpark 2021-2027. Området har alt i dag stor verdi for norsk reiselivs- og turismesatsing.

Det er i dag ikkje tilrettelagt for turisme i ein skala som det ein ønskjer å leggje til rette for på staden med Jostedalsbreen gondol. Lundebotn ligg heller ikkje sentralt og tett på alt tilrettelagt infrastruktur som hamner og større overnattingsstadar. Plasseringa av tiltaket vil utløyse ei omfattande tilrettelegging av infrastrukturtiltak, og ei vesentlege auke i transportbehovet til staden. Vi kan ikkje sjå at desse utfordringane er tilstrekkeleg vurderte og omtalte i ringverknadsanalysen og i vurderinga av verknadar for samfunn, jf. statlege planretningsline for arealbruk og mobilitet og statleg planretningsline for klima og energi.

M-1941 kap. 11 Sammenstille alle utredningstema

Samanstilling av alle utgreiingstema manglar. Ifølgje M-1941, kap. 11, skal ikkje den samla konsekvensen setjast lågare enn den alvorlegaste konsekvensen i den samla vurderinga når eit alternativ inneheld eitt eller fleire fagtema med dei tre alvorlegaste konsekvensane (kritisk, svært stor og stor negativ konsekvens). Deltemaa naturmangfald og friluftsliv har begge samla konsekvens svært stor negativ.

Som det går fram over, og som vi viste på dialogmøtet, meiner vi at samla konsekvens for både naturmangfald og friluftsliv skal vere svært stor negativ. **Samla konsekvens av planforslaget er ut frå dette svært stor negativ.**

Alternativvurderingar

Ifølgje § 19 i konsekvensutgreiingsforskrifta skal alternativa som vert vurderte vere relevante og realistiske. Det er berre vurdert alternativ plassering av botnstasjonen.

Vi kan ikkje sjå at alternativa for botnstasjon er relevante og realistiske samanstilt med resten av prosjektet. Alternativa som er vurderte er ikkje eigna til å skape eit tilstrekkeleg breitt kunnskapsgrunnlag om ulike lokaliseringar og måtar å gjennomføre prosjektet på.



Oppsummert

Opplysningane og framlegga til avbøtande tiltak i konsekvensutgreiinga er, trass i innvendingane, tilstrekkeleg til å konkludere i saka.

Grunnlag for motsegn

- forankra i rundskriv T-2/16 om «nasjonale og vesentlige regionale interesser på klima- og miljøområdet».

3.8 Naturmangfold - innsigelse skal vurderes når planforslaget kan komme i konflikt med:

*** Verneområder og foreslåtte verneområder (Jostedalsbreen nasjonalpark)**

Den negative verknaden av gondolbana på verneverdiar og verneføremål i Jostedalsbreen nasjonalpark vil bli omfattande, sjølv om bygginga skjer på utsida av vernegrensa. Aktivitetar og tiltak på utsida kan påverke verneområdet og naturverdiane der, og § 49 i naturmangfaldlova har ei eiga føresegn om utanforliggende verksemd knytt til dette. Vi meiner planforslaget er i strid med føremålet med vernet av Jostedalsbreen nasjonalpark.

Føremålet er gitt i form av tre hovudpunkt i del III av verneforskrifta.

Punkt I: «Å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høg fjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand». Toppstasjonen på kanten av breen og nær inntil vernegrensa vil skilje seg så markert ut frå brelandskapet rundt at det i stor grad vil påverke landskapet også inne i nasjonalparken, dels på lang avstand. Transport av tusenvis av menneske opp i området, vil setje tydelege spor på plante- og dyreliv og geologiske førekomstar, både utanfor og innanfor vernegrensa. Dette vil gå sterkast utover dei raudlista naturtypene og tilhøyrande planteliv i og rundt toppstasjonen, der slitasjen vil bli omfattande.

Punkt II: «Å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging». For det tradisjonelle friluftslivet vil gondolbana redusere naturopplevinga i nasjonalparken gjennom naturinngrep med store tekniske installasjonar i brekanten.

Punkt III: «Å verne om kulturminne og kulturlandskap». Stien gjennom Lundeskaret er ein gammal ferdselsveg mellom Lunde og Fjærland, og er eit viktig kulturminne i tillegg til at den er ein innfallsport til nasjonalparken. Gondolbana vil i vesentleg grad verke negativt inn på bruken av dette kulturminnet, som går både utanfor og inne i nasjonalparken.

*** Naturtyper - truede naturtyper (CR-Kritisk truet, EN-Sterkt truet og VU-Sårbar)**

Naturtypen kalkfattig og intermediært snøleie er raudlista i kategori sårbar (VU), og som følge av svært høg kvalitet er område NT2 – snøleie vurdert til å vere av svært stor verdi i KU.

Toppstasjonen, tilkomstvegen til og uteopphaldsarealet er planlagt plassert i naturtypelokaliteten. Det går fram av KU at: «Her vil det meste av naturtypens utbredelse innenfor planområdet forsvinne».

*** Arter (villrein) - målet om en helhetlig og restriktiv arealforvaltning i villrein fjellet...**

Planområdet ligg ikkje innanfor avgrensinga av Sunnfjord villreinområde, men gondolen og toppstasjonen på Tverrfjellet ligg slik at ein i konsekvensutgreiinga vurderer at: «Reinområdet ligger imidlertid såpass nærme tiltaket at det er verdt å nevne med tanke på støy og forstyrrelser» og at «Basert på mulige fjernvirkninger og tiltakets bidrag til samlet belastning gjør at området likevel er vurdert til å bli noe forringet».



Villrein er ein norsk ansvarsart, dvs. «*at mer enn 25 prosent av den europeiske bestanden befinner seg i Norge*». Noreg har eit internasjonalt ansvar for å ivareta villreinen og leveområda etter Bernkonvensjonen, jf. artikkel 1 og 4 i Bern-konvensjonen og vedlegg III. I ny nasjonal raudliste for artar 2021, har villrein status som «Nær trua» (NT). Sunnfjord villreinområde er av dei 14 ikkje-nasjonale villreinområda, og vart i heilskapsvurderinga av dei 14 områda i 2023 klassifisert til dårleg kvalitet (raud). Naturmangfaldlova § 10 viser til at ein skal vurdere «*påvirkning av et økosystem ... vurderes ut fra den samlede belastning som økosystemet er eller vil bli utsatt for*». Siktemålet til lova er å unngå ei utvikling som fører til ei gradvis forvitring av leveområda til villreinen bit for bit, og over tid. Sunnfjord villreinområdet er delt i tre skilde område frå Askvoll i vest til Grovabreen i aust og målet er ein vinterstamme på 150 dyr, jf. KU. Utveksling mellom desse tre delområda er ei av hovudutfordringane for villreinområdet i dag.

For å redusere unødig forstyrning av villreinen, går det fram av konsekvensutgreiinga at: «*Ved toppstasjonen er det på grunn av hensynet til naturmangfold forutsatt besøksstyring. Det innebære at tiltakene som planen legger til rette for er forutsatt avgrensa mot omgivelsene, t.d. gjennom bruk av gjerde/mur. For å avgrense slitasje på registrert naturtype (kalkfattig og intermediaær snøleie (NINFP2210101078)) og forstyrning av arter i sårbar periode, skal all ferdsel ut av toppstasjonen være organisert og foregå med guide. I perioden 15. april til 15. juni skal det ikke organiseres/legges til rette for tur med guide fra toppstasjonen og i retning villreinområde Sunnfjord*». Dette er teke inn som ei føresegn i planforslaget, jf. § 2.2.1b.

Sunnfjord villreinområde er ikkje direkte berørt av det planlagde tiltaket. Påverknad og konsekvens for villreinområdet er ifølgje KU usikker/uklar. Ut frå dette har vi ikkje lagt vekt på villreininteressene når vi har teke stilling til om vi skal fremje motsegn.

Vi vil minne om det ansvaret som vi har for å ta vare på alle villreinområda våre for framtida, og å unngå bit-for-bit nedbygging. Dette ansvaret gjeld og for å ta vare på Sunnfjord villreinområde på ein god måte.

*** *Sammenhengende naturområder med urørt preg***

Både for Jostedalsbreen nasjonalpark og dei registrerte friluftslivsområda rundt tiltaksområdet ligg store delar av verdien i storleiken på arealet med samanhengande urørt natur, og det er derfor viktig å ta vare på området utan ytterlegare inngrep, oppdeling og reduksjonar.

Vi konstaterer at det fleire plassar i planforslaget er vist til at området er prega av samferdselanlegg og kraftutbygging, og i planomtalen er det konkludert med at: «*Oppsummert er konsekvensen for miljøtemaene prega av at tiltaket fører til eit forholdsvis lite direkte arealinngrep, plassert i område der det allereie er gjort fysiske endringar som følgje av veganlegg med rassikring, tunnelar samt kraftutbygging med tilhøyrande anlegg og deponi. Dette saman med avbøtande tiltak som inngår i tiltaket, har medverka til å avgrense konsekvensane av anlegget*». Slik vi viser gjennom fråsegna vår er vi ikkje samde i at konsekvensane for natur og miljø er avgrensa.

3.11 Landskap - innsigelse skal vurderes når planforslaget kan komme i konflikt med:

*** *kulturhistoriske verdier og naturmangfoldverdier knyttet til landskap***

«*landskap der de samlede kulturhistoriske verdiene og naturmangfoldverdiene vurderes å utgjøre en nasjonal eller vesentlig regional interesse*»



M-1941: «Ved konsekvensgrad middels, stor eller svært stor konsekvens vil planen eller tiltaket kunne være i konflikt med nasjonale og vesentlig regionale interesser på klima- og miljøområdet (rundskriv T-2/16) og dermed kunne være grunnlag for innsigelse».

I tillegg til sjøve gondolen med topp- og botnstasjon, legg planforslaget til rette for omfattende tiltak knytt til flaum- og skredfare i området.

Samla konsekvensgrad er vurdert til stor negativ konsekvens.

3.12 Friluftsliv - innsigelse skal vurderes når planforslaget kan komme i konflikt med:

*** områder verdsatt som svært viktig eller viktig friluftslivsområde**

Det er registrert to svært viktige friluftsområde i naturbasen innanfor avgrensinga av planområdet, Lundeskaret og Bjørga – Tortnegrægga, medan det svært viktige friluftsområde Jostedalsbreen grensar til planområdet på Tverrfjellet.

Planforslaget legg til rette for tiltak som vil ha store negative konsekvensar for tradisjonelt friluftsliv og eksisterande bruk av området.

3.14 Vannmiljø - innsigelse skal vurderes når planforslaget kan komme i konflikt med:

*** plikten til å opprettholde et begrenset naturlig vegetasjonsbelte langs bredden av vassdrag (jamfør vannressursloven §11)**

I område STB6 mellom grøntområdet ved Lundaelva (5-14 meter breitt på plankartet) og botnstasjonen BAA1 opnar føresegnene for å etablere mur som skal ha funksjon som flaum-/erosjonssikring. Føresegnene har ikkje andre føringar. Det ligg ved ein illustrasjon av muren og det er opplyst i planomtalen at muren kan bli inntil 8 meter høg: "Mot Lundaelva har vollen ein slak øvre del, understøtta av mur. På det høgste er muren mot elva 8 meter. Utforminga er gjort slik for å unngå tiltak i naturtypen flaumskogsmark (NINFP2210101075)», jf. planomtalen side 36.

Storparten av LNF-området inngår i føresegnsområde #1, og skal ifølgje føresegn 9.1b reetablerast etter oppføringa av muren. Ut frå illustrasjonen ser ikkje dette ut til å vere realistisk, og kantvegetasjonsbeltet ser derfor ut til å ville bli fjerna permanent. Om dette er tilfelle, så underkommunerer planforslaget konsekvensane for vassmiljøet og kva verdiar som går tapt.

Det er ikkje sikkert vi har oppfatta illustrasjonen rett, og har derfor ikkje lagt vekt på punkt 3.14 om vassmiljø når vi har teke stilling til om vi skal fremje motsegn.

Vurdering av samfunnsinteresser

Statsforvaltaren forstår at planforslaget kan vere eit verdifullt turisme- og reiselivsprosjekt for kommunen. Gjennomføring av tiltaket vil kunne ha verknad i form av auka/anna turisme- og næringsverksemd, sysselsettings- og verdiskapingsmoglegheiter, og som utviklingstiltak, slik som det er peika på i deltemaet samfunnsnytte i konsekvensutgreiinga og ringverknadsanalysen i planforslaget, sjølv om vi er kritiske til ein del av talgrunnlaget som er lagt til grunn for vurderingane.

I denne saka har Statsforvaltaren derfor lagt vekt på at tiltaket vil kunne ha stor samfunnsmessig verdi, og vi har på denne bakgrunnen gjort ei avveging i tråd med pkt. 2c i rundskriv T-2/16 før vi har teke stilling til om vi skal fremje motsegn. Sjølv i saker der eit planforslag har stor samfunnsmessig verdi for kommunen og det er venta større ringverknadar, må det likevel gjerast ei forsvarleg vurdering av verknadane planforslaget kan ha for klima- og miljøinteressene og anna samfunnsnytte.



Areala kring Jostedalsbreen nasjonalpark har særskilde natur- og miljøverdiar som det er knytt nasjonale interesser til, (jf. pkt. 2ab i rundskriv T-2/16). I samband med planforslaget er det gjennomført konsekvensutgreiing som legg fram avgjerdsrelevant informasjon. Vi har peika på manglar i planforslaget, men har likevel tilstrekkeleg grunnlag til å ta stilling til saka.

Vi meiner at tiltaket vil liggje for tett på Jostedalsbreen nasjonalpark, og at tiltaket vil vere eit tyngre, teknisk inngrep med negativ verknad for det naturgeografiske landskapet og naturmangfaldet. Sjølv om tiltaket er plassert i randsona utanfor nasjonalparkgrensa, så vil tiltaket verke negativt inn på verneverdiane i nasjonalparken. Vi meiner at omsynet til verneverdiane i for stor grad blir sett til side, jf. naturmangfaldlova § 49.

Etter ei samla vurdering av kunnskapsgrunnlaget og forslaget til avbøtande tiltak som ligg til grunn for planforslaget om Jostedalsbreen gondol, så kan vi ikkje sjå at tiltaket har ei samfunnsnytte som kan vege opp for ulemper og dei negative verknadane utbygginga vil ha for natur- og miljøverdiar av nasjonal interesse (jf. pkt. 2e i rundskriv T-2/16).

KONKLUSJON

Statsforvaltaren vurderer at planforslaget for Jostedalsbreen gondol set nasjonale interesser vesentleg til side, jf. avsnittet «*Grunnlag for motsegn*» over, då planforslaget vil ha negative konsekvensar for naturmangfald og friluftsliv. Vi fremjar derfor motsegn til planforslaget.

Interessene knytt til verneområdet Jostedalsbreen nasjonalpark, naturtypen kalkfattig og intermediært snøleie og samanhengande naturområde med urørt preg, saman med verdiane knytt til tradisjonelt friluftsliv og dei svært viktige friluftsområda som er her, jf. rundskriv T-2/16, er dei tungvegande og avgjerande grunnane til at vi fremjar motsegn. Planforslaget vil òg kunne ha negative konsekvensar for anna naturmangfald og landskap.

Statsforvaltaren kan ut frå dette ikkje sjå at LNF-føremålet i randområdet til Jostedalsbreen nasjonalpark kan endrast til føremålet turisme- og næringsaktivitet.

Det ligg også føre motsegn frå NVE og Statens vegvesen. Motsegnene er godt grunngjevne og tydeleg forankra i nasjonale føringar for arealforvaltninga. Høyringsfristen er halden. Motsegnene med dei enkelte motsegnspunkta vert derfor ikkje avskorne av Statsforvaltaren.

Motsegnene inneber at kommunen ikkje kan vedta detaljreguleringsplanen med bindande juridisk verknad.

Kommunen må ta stilling til motsegnene og om ein ønskjer meklung i saka, jf. pbl. § 5-6.

Med helsing

Synnøve Stalheim
Kommunaldirektør

Egil Hauge
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Vedlegg presentasjonane frå dialogmøtet 04.06.2025:

- | | |
|---|------|
| 1 | NVE |
| 2 | SVV |
| 3 | SFVL |

Kopi til:

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
Statens vegvesen	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	LILLEHAMMER
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN